

Referat frå årsmøte i Silda Velforeining, påskeafta, 07.04.12.

1. Velkommen v/leiar Sølvi Silden.

2. Val av møteleiar og referent.

Sindre Langlo vart vald til møteleiar
Underteikna vart vald til referent.

3. Styret si årsmelding.

Gjennomgang av årsmeldinga v/leiar. (Sjå årsmelding frå Silda Velforeining).

Hjartestartar.

Det vart stilt spørsmål om kjøp av hjartestartar. I årsmeldinga vart det orientert om at styret hadde avslutta saka fordi det var vanskeleg å få det til på ein tilfredstilande måte.

Men årsmøtet gjekk inn for å utgreie nærmare kva det inneber å kjøpe og lagre ein hjartestartar på Silda. Saka vert overført til neste styre som fekk i oppdrag å undersøke pris på innkjøp, drift, vedlikehald, ansvar, plassering.

Evt. invitere ein person som har kunnskap om dette til å informere om konsekvensar ved innkjøp.

Førstehjelpskurs.

Kurs med Røde Kors vart ikkje halde , grunna liten interesse.

Årsmøtet ga Stig Oksholen i oppdrag å undersøke med Redningsselskapet om Redningsskøyta og evt. mobbåten kunne komme på Silda i juli for å halde eit forenkla livredningskurs, vise hjarte-lungeredning.

Det var interesse for å ha det den dagen det skal vere grillfest. Datoen for grillfest er ikkje fastsett enda.

Helikopterlandingsplass.

Orientering v/Ole Sætren.

Planane for helikopterlandingsplass på kaia er godkjendt av Kystverket og Vågsøy kommune. Dersom landingsplassen skal realiserast må Silda Veforeining ta kostnad med lyssetjing. Teikningar for dette er godkjende.

Pris for lys er kr.15000,- etter tilbud frå Einar Rune Sætren.

Kommuneelektrikaren skal komme på Silda med ein lift for å reparere lys som er øydelagde. Då kan ein nytte høvet til å flytte lysarmatur.

Nokre lyspunkt/stolpar må setjast opp. Dette og anna arbeid som skal utførast må gjerast på dugnad.

Årsmøtet gjekk inn for å få dette til og bevilga 25000,- til dette tiltaket.

Kontaktperson er Ole Sætren.

4. Årsrekneskap Silda Velforeining 2011 v/ Liv Silden.

Årsmøtet godkjende rekneskapen slik den låg føre.

5. Budsjettforslag 2012.

1. Oppgradering av kultursti – kr.10.000,-
2. Helikopterplass – kr.20000,-, pluss 5000, etter forslag på årsmøtet
3. Blomster til kassane kr.2000,-
4. Diverse – kr.5000,-

Årsmøtet godkjende budsjettforslaget med ei ekstra løyving på 5000,- til helikopterplass.
Det nye styret må lage ein plan og organisere dugnaden på kulturstien, det blir årets dugnad.

6.Val:

Val v/ valnemnda :Vigdis Gjelsvik og Jorunn Sætren

Leiar av valnemnda Vigdis Gjelsvik la fram forslag til nye styremedlemmer 2012:
Etter forslag frå valnemnda vart tal på styremedlemmer redusert frå fem til fire medlemmer.
Funksjonstida på 2 år vart og endra for å unngå at alle går ut av styret samtidig. Det er viktig å halde kontinuiteten, difor vart to styremedlemmer vald for 2 år og to av medlemmene for 1 år.

Styremedlemmer:

Kjell Rune Gangsø (2år)

Jan Silden (2 år)

Paul Sundnes (med forbehold om ikkje å bli vald som leiar) (1 år)

Liv Wik Silden fortset i styret (1 år)

Varamedlemmer: (1 år)

Sindre Langlo

Jorunn Sætren

Revisjonskomite: (1 år)

Eva Silden

Karin Nyheim

Valkomite: (1 år)

Anita Christensen

Unni S. Henden

Båtruter.

Paul Sundnes føresler å vidareføre arbeidet med å få Bergensbåten til å anløpe Silda på signal på fredagar i ein periode frå mai til september.

Styret får fullmakt til å forhandle med Øyglimt om ekstra ruter til Silda.

Orientering

Skilt med køyr sakte fart er kjøpt og betalt av velforeininga.

Kenneth Svoren skal setje opp skilta ved innløpet på søre og nordre havn.

Referent

Sissel Brunsvik